

Haustemelding, veke 39

23.-29. september 2024



ANDA
ANDELSGARD

Kva?	Kor? Felt nr. på kart	Kor mykje?	Korleis?	Andre kommentarer
Pipeløk, urter og etande blomar	78-101	Ta det du vil ha av urtene. Plukk litt forsiktig på dei sortane det er lite av.	Klipp av, ikkje riv opp rota.	
Poteter (Arielle) gule	I kassar i lagerbygningen	15 poteter		
Poteter (Nansen) røde		30 poteter (ta både små og litt større poteter)		
Hokkaidogresskar (røde og grøne) (nytt denne veka)	I grøne kassar i lagerbygningen	1 gresskar, anten rødt eller grønt		
Ruccola	4 (på feltet der kvitløken har stått, nærmast geitegarden)	Ta det du vil ha	Plukk forsiktig av blada og la resten av planten stå igjen	Ser at det er få som haustar av denne. Ikkje ver redd for å forsyna deg.
Asiasalat				
Pak choi	4 (der det var kvitløk tidlegare i år) Pak choi står i midten av feltet.	1 pak choi	Skjer av heile pak choien og la rota stå igjen.	

Kinakål (nytt denne veka)	4 (der det var kvitløk tidlegare) Kinakål står til venstre i feltet.	1 kinakål (ta av dei største)	Skjer av kålet og la resten av planten stå igjen.	
Grønnskål - grønt	13	Ta det du treng for denne veka	Knekk av dei nederste blada og la resten av planten stå igjen. NB. Ta ikkje blada i toppen av planten, for då stoppar planten å veksa vidare.	
Grønnskål - rødt	14			
Hovudkål Mikeli og Kvislar (nytt denne veka)	22	1 lite og 1 litt større 1 litt større kål. Ta gjerne eit som er litt brunt/stygt på toppen. Skjer berre av dei ytterste blada	Skjer av kålet og la resten av planten stå igjen.	
Stangselleri (kanskje siste veka)	26	2 stangselleri	Skjer av stangsellerien nede ved rota og la rota stå igjen.	Vi ser at det haustast lite av dette. Stelkane på stangsellerien kan godt etast sjølv om det er noko brune flekker på blada.
Fenikkelblomar	28	Plukk med det litt fenikkelblomar til buketter		Noko av fenikkelen har gått i blomst. Plukk gjerne blomane for å ha dei til pynt i vassen.
Fenikkel (siste veka)	28	1 fenikkel (så langt det rekk, første mann til mølla)	Skjer av fenikkelen og lag resten av planten stå igjen.	
Sellerirot	29	2 sellerirot (ta frå rekkene nærast fenikkelen)	Riv opp med rota. Skjer av stelkane og røtene og kast det på bakken mellom rekkene.	

Persillerot (nytt denne veka)	31	5 persillerot NB. Det står litt gulrot innimellom persillerøtene, men persillerøtene er kvite.	Riv opp persillerotagulrota. Brekk av lauvet og legg deg på bakken, men pass på at du ikkje legg det opp persillerøtene/gulrøtene som ikkje er hausta ennå. Ta ferdig er rad om gongen. Ikkje begynn på ei ny før ei rad er ferdig hausta.	
Gulrot	32 ta kun på dei radene som allereie er påbegynte.	15		
Jæreert, sukkerert, stangbrekkbønner, prydbønner, buskbønner/brekkbønner	53-61	Ta det du vil ha om du finn noko som er brukande.	Klipp/knip belgen forsiktig av utan å skada resten av planten.	
Frøbønner (nytt denne veka)	52	Ta det du vil ha om du finn noko som er brukande.	Knip/klipp av belgen og la resten av planten stå igjen. Ta ut bønnene av belgen. Belgen skal ikkje etast på desse bønnene, så det gjer ikkje noko om belgen er litt stygg.	
Blomar (solsikker, fenikkelblomar, løvemunn, cosmos, kornblomst, ringblomst m.m.)	27-28, 46-50	Plukk ein passe stor bukett, slik at det er blomar nok til dei som kjem etter deg.	Klipp av ein passe lang stilk og la resten av planten stå igjen.	
Purreløk (begge sortane)	39	1 stor, 2 mellomstore eller 3 små purrar	Riv løken opp med rota. Rist gjerne av molda og skjer av røtene om du vil.	
Mais	34	1 maiskolbe om du finn ein som er moden	Sjekk om maiskolben er klar ved å sjå at «håret» som stikk ut i toppen er brunt og kjenna i enden av kolben at det en butt, ikkje spiss. Knekk av kolben.	

Mangold	73	Ta det du vil ha	Klipp/skjer av blada og la resten av planten stå igjen.	
Gulbetar, kvitbetar og polkabetar (nytt denne veka)	71,72 og 74	3 betar (valgfri sort, gul, polk eller kvit)	Riv opp betane. Vri av lauvet og la lauvet liggja igjen på bakken, mellom rekkene, ikkje oppå.	
Rødbete Geshe (runde, ikkje avlange)	70	5 rødbetar (ta dei som er størst)		

Veksthusandel (kun for dei som har betalt ekstra for dette)

Kva?	Kor?	Kor mykje?	Korleis?	Andre kommentarer
Tomat	102-106	12 tomatar (velg litt ulike sortar, både litt store og litt små tomatar)	Riv forsiktig av tomaten	
Agurk (kanskje siste veka)	110	1 agurk om du finn ein som er stor nok	Riv forsiktig av agurken.	